

Høyringsfråsegn til framlegg om rettskrivingsendringar datert 4. april 2024

3.1 Endring av genusnormering for substantivi artefakt, ekstrakt, jippo, krampe, låt, manual og skyr

Eg gjeng imot dei føreslegne endringane i nynorsk.

Når det gjeld 'skyr', har eg elles merka meg at i reklame på norsk fjernsyn vert ordet 'skyr' uttala med hard k, om lag slik: /skyr/.

På nettsida til Språkrådet fann eg dette svaret på spørsmål om korleis mjølkeproduktet skyr skal uttalast:

«På islandsk uttalar dei ikkje *skyr* med sj-lyd eller kj-lyd.

Dei uttalar det med ein (litt tjukk) s + ein hard k med ei aning av eit j-slag etter.

Bokstaven *y* blir på islandsk uttalt som ein lang norsk *i*. Men *y* utan aksent, som i *skyr*, er noko anna. Det ein mellomting mellom *i* og *e*. Uttalen /sjyr/ er dermed heilt uislandsk. Islandsk uttale minner meir om /skér/ for eit norsk øyra. Men det er altså ikkje heilt rett, det heller.

Det er naturlegvis rett å uttala skyr på islandsk vis på norsk, men det er ikkje realistisk at alle nordmenn skal greia det – eller oppfatta det rett for den del. Ein må nok godta den strengt teke ravgalne bokstavuttalen /skyr/.

Det same ordet (gammalnorsk *skyr*) heiter på moderne norsk *skjør* (uttalt /sjør/), men det har ei anna tyding. Ein kunne i prinsippet ha kalla skyr islandsk skjør, men det ville vore tungvint.»

På nynorsk heitte det 'skyr' frå Ivar Aasen til 1938, og ordet var og er inkjekjønn. I samnorskperioden var mange historiske *y*-ar i nynorsken endra til ø. 'Skyna' vart til 'skjø(n)a', 'skyr' vart til 'skjør' og so bortetter. Denne politikken vart offisielt skrinlagd i 2002, men når det gjeld nynorsken, er mykje og mangt av tilnærmingsformer på paradoksalt vis vorte verande i normi.

Den beste løysingi for nynorsken sin del må no vera å restaurera skjør til skyr. Ordet skal uttalast /skjÿr/ - altso med ein open *y* (ÿ), som er ein lyd som ligg mellom *y* og ø.

Tradisjonelt er norsk skyr surna mjølk med fløyte. Dersom dette heimattkomne skyret har fenge nye ingrediensar etter opphaldet på Island slik at me lyt skilja mellom islandsk og norsk skyr, ja, so taklar me det.

Når dette er på plass, so ville det kanskje vera greitt at dette ordet vert skrive 'skyr' på bokmål òg – og uttalt på tradisjonell norsk måte? Då kunne me vel òg verta samde om inkjekjønn?

3.2 Endring i normeringi av substantivet pellet

Eg gjeng imot den føreslegne endringi i nynorsk. Me bør primært dyrka målet med å finna eit norsk ord for dette.

3.3 Normering av norvagiserte former: kalvados, kalypso, kampus, kanasta, kasanova, kava, guakamole, prosekko, skampi og tako

Eg gjeng imot desse endringane. Ordi er meir attkjennelege med c, samstundes som me fær fram at det er lånte ord. Dersom ein vil bruka eit norsk ord for scampi t.d., so bør ein vel bruka sjøkreps, evt kongerekor eller tigerrekor i staden.

3.4 Endringer i skrivemåten av importord

Eg stør framlegget 'jus/juss – jussen' subsidiært. Primært meiner eg at me no bør knesetja 'juss - jussen'.

Skrivemåten 'ressurs' (som eineform) er ok.

5.1 Endring av genusnormering for substantivet raster

Ingen merknad.

5.2 Normering av ordet koss

'Koss' i tydingi 'korleis' bør vera med i normi. Å kunna velja mellom eit einstavingsord og eit tostavingsord av denne typen, er ein rikdom.

Korso: Ivar Aasen fører opp formi i Norsk Ordbok (1873) med tydingi korleis, men tok henne ikkje i bruk sjølv so vidt eg veit. Hans Ross brukte henne i tydingi 'korleis' i ei bok i 1869, og det kom òg ut ei bok i 1880 med ein slik bruk. Men i denne tydingi (dvs. korleis), må me kunna seia at ordet no er forelda. Derimot er 'korsø' levande i tydingi 'kor som er' og 'kor som var' (sjå t.d. Johannes Heggland og Jens Tvedt).

Voss, den 16. april 2024

Helsing

Arvid Langeland

leiar i Nettverket for tydeleg og enkel nynorsk